



SELJE KOMMUNE

Formannskapet

Møtebok

Møtedato: 27.08.2014

Møtetid: Kl. 13:30 – 20:05

Møtested: Kommunehuset - 3. etg.

Saksnr.: 061/14 - 066/14

Følgjande medlemmer møtte

TP: Ottar Nygård. SP: Gunn Sande. UAVH: Toril Sande. FRP: Svein Hansen, Anne Lise Drage. KRF: Raymond Myren.

Følgjande medlemmer møtte ikkje

H: Kenneth Brandal (melding om forfall til møtet var gjeve)

Følgjande varamedlemmer møtte

H: Eva Janne T. Årvik

Følgjande frå administrasjonen møtte

Økonomisjef Geir Kvisten. Konst. rådmann Åse Elin Hole, som og førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

7 voterande

Endringar:

Sak nr. 064/14 vert endra frå handsaming som politisk sak til handsaming som referatsak. Referat nr. 7 og nr.13 vart vedteke å ta opp som eiga sak i møtet. Sak nr. 066/14.

Informasjon:

Møtet starta med synfaring på det tidlegare kommunehuset; der Venner av Selja kloster har hatt utstilling (Sunniva) denne sommaren.

Leiar Torkjell Djupedal og Gerd Kjellaug Berge informerte om utstillinga og planar dei har framover.

Møtet heldt fram på nye kommunehuset, der leiar Familie og velferd, Ingrid Stave og fagleiar Jorunn Breiteig informerte om utfordringar i barneverntenesta i Selje kommune.

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
061/14	Godkjenning av møtebok
062/14	Delegasjonssaker
063/14	Referatsaker
064/14	Prosjekt 1203 Utviding Leikvang barnehage - Bruk av reservepost til breibandstilknytning
065/14	Framtidig bruk av det gamle kommunehuset
066/14	Vegen vidare for prosjektet Interkommunalt samarbeid Eid, Vågsøy og Selje

Tilleggsaker: 066/14

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	27.08.2014	061/14

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 14/482
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 05.06.14, 10.06.14 og 26.06.14 vert godkjent slik den ligg føre.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
21.08.2014	Møtebok FS 05.06.14.pdf	58445
21.08.2014	Møtebok FS 10.06.14.pdf	58446
21.08.2014	Møtebok FS 26.06.14.pdf	58447

Handsaming i Formannskapet - 27.08.2014

7 voterande

FS-061/14 VEDTAK

Møteboka frå møte 05.06.14, 10.06.14 og 26.06.14 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	27.08.2014	062/14

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 14/480
---	----------------------	-----------------------------

Delegasjonssaker

DFS. 011/14: Gbnr.55/2 - Delingssak - festetomt til Garasje - Hildegunn Sætre Ervik

DFS. 012/14: Skjenkeløyve for alkohol - Enkelthøve - Flatraket Idrettslag - Svar på søknad

DFS. 013/14: Skjenkeløyve for alkohol - Enkelthøve - Kafe Nabben. Svar på søknad

DFS. 014/14: Skjenkeløyve - Enkelthøve - Showboat AS - Svar på søknad

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 27.08.2014

7 voterande

FS-062/14 VEDTAK

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	27.08.2014	063/14

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 14/481
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	14/3212	I	25.06.2014	***	Avtale om retrettstilling
2	14/3341	I	30.06.2014	Norled	Spørsmål vedk. venterom - Selje kai
3	14/3294	U	23.06.2014	Advokatfirmaet Harris	Råderett over område - Reina, grøntareal ved Seljesanden
4	14/3295	I	26.06.2014	Advokatfirmaet Harris	Svar vedk. råderett - Tilbud om avtale for leige av grunn
5	14/3370	U	03.07.2014	Advokatfirmaet Harris	Svar vedk. tilbud om avtale for leige av grunn, gbnr. 56/1
6	14/3559	I	17.07.2014	Bedriftsforeningen Stadlandet	Innspel vedk. nedlegging av Stadlandet legekantor
7	14/3727	U	12.08.2014	Rådmann i Eid og Vågsøy	Vegen vidare for prosjektet Interkommunalt samarbeid Eid, Vågsøy og Selje
8	14/3729	U	12.08.2014	Formannskapet	Rapport - Forbruk løn pr. 31.07.14
9	14/3524	I	17.07.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Selje kommune - rekneskap 2013 og registrering i Robek-registeret
10	14/3858	U	21.08.2014	Tenesteleiarane	Månedrapportering mai/juni 2014
11	14/3860	I	21.08.2014	Geir Liavåg Strand	Kontorplass i Selje - Regionstilling IKT oppvekst

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 27.08.2014

7 voterande

Tilleggsreferat:

12. Sandane Industri LL – Protokoll frå generalforsamling 23.06.14
13. Brev frå ordførar i Eid og Selje vedk. interkommunalt samarbeid Selje, Vågsøy og Eid.
14. Leiar Eigedom, Merete Nerland – Bruk av reservepost til breiband Leikvang barnehage (sak 064/14 som er flytta frå sakskartet til referatsaker)
15. Brev til Fylkesmannen i Sogn og Fj., dat. 01.08.14 - Søknad skjønnsmidlar
16. Forespurnad om leige av lokale, dat. 23.08.14 – Stadtgym DA
17. Redd Barna, dat. 13.08.14 – Søknad om støtte til Redd Barnas arbeid i Gaza.

FS-063/14 VEDTAK

Referat 1. til og med 6 vart teke til vitande.

07. SP la fram ynskje å heve referat nr. 7 til eiga sak i møte 27.08.14.
Røysting gav 2 røyster mot og 5 for. Vert å handsame som eiga sak.

Referat 8. til og med 12. vart teke til vitande.

13. Viser til referat nr. 7 - vert handsama i same sak.
14. Teke til vitande.
15. Teke til vitande.
16. Teke til vitande. Forespørsel om leige av lokale vert å følgje saka om Stadlandet legekantor. Den vil vidare verte vurdert ved framtidig evaluering / evt. sal.
17. Søknad frå Redd Barna vart drøfta. Selje kommune har ikkje økonomiske midlar til å støtte søknaden på noverande tidspunkt.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	27.08.2014	064/14

Sakshandsamar Merete Nerland	Arkiv FE-614, FA-A10	Arkivsak 12/416
---------------------------------	-------------------------	--------------------

Prosjekt 1203 Utviding Leikvang barnehage - Bruk av reservepost til breibandstilknytning

Dokumentliste

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
11.03.2014	Breibandutbygging i Selje kommune 2014	53251

Saka gjeld

Bruk av prosjektets reserver/sikkerhetsmarginar til å få breibandstilgang til Leikvang barnehage.

Opplysningar til saka

Prosjekt 1203 – Utviding Leikvang barnehage er inne i avslutningsfasen. Barnehagen er for det meste ferdigstilt og vart teke i bruk 1. mai 2014. Leikeområdet nordaust for barnehagen er enda ikkje teke i bruk, då ein ventar på at graset som er sådd skal få tid til å etablere seg skikkeleg før ein tek området i bruk. Det manglar fortsatt uteleikeapparat og gjerde rundt dette området.

Elles er dei tekniske anlegga (el-, varme og ventilasjon) oppe å gå, bortsett frå SD-anlegget som skal styre disse anlegga. Totalentreprenøren (Dragebygg AS) har ansvar for å etablere SD-anlegg, men dette kan dei ikkje gjere før barnehagen har fått skikkeleg datatilknytning. Slik situasjonen er no er anlegga i drift, men vi har ikkje moglegheit/kapasitet til å få styrt anlegga på ein mest mogleg energieffektiv måte (dvs. å justere varme opp eller ned i forhold til når barnehagen er i bruk eller ikkje, samt slå av ventilasjonsanlegget i dei periodane dei ulike romma ikkje er i bruk). For å kunne få SD-anlegget opp å gå, bør barnehagen ha breibandstilknytning.

Rådmannen (Reidar Sandviknes) hadde oppe ei sak vedr. breibandsutbygging i Selje kommune, den 28.04.2014 i KS-sak 024/14, sjå vedlegg. I denne saka var ma. fibertilkopling til Leikvang barnehage med. Kostnaden for dette vil ligge på om lag 85.000,-. Finansieringa her var planlagt med omdisponering av tidlegare løyvde midlar (50 %) og 50 % eigen finansiering. Kommunen fekk løyve til å omdisponere disse midlane til fiberprosjektet på Flatraket, men har førebels fått avslag på omdisponering til kommunale bygg.

Fylkeskommunen skriv m.a :

« ...Ei omdisponering til fiber til kommunale einingar er problematisk i høve tildelingskriteria. Hovudutval for plan og næring ynskjer ikkje å avslå søknaden, men vedtok å utsette saka.

Vi ber om at Selje kommune kjem attende med ein ny å revidert søknad for omdisponering av inntil kr. 512.500. Søknaden bør innehalde ein tidfesta utbyggingsplan for breiband til næringsliv og husstandar i tillegg til eventuelle offentlege einingar.»

Administrasjonen tolkar dette slik at det forsatt er molig å få til omdisponering, dersom prosjekta samtidig kan legge til rette for fiber til næringsliv og bygdelag. Reidar Sandviknes har teke tak i dette vidare, og vil oppretthalde søknaden vedk. Leikvang barnehage, men med ein annan vinkling.

Finansiering

Bruk av budsjetterte reserver/sikkerhetsmarginar i prosjekt 1203. Pr. i dag står det att om lag 497.000,- av denne posten.

Sakshandsamar si vurdering

Prosjekt 1203 – Utviding Leikvang barnehage har betalt for eit SD-anlegg som manglar skikkeleg datatilknytning for at vi skal kunne få det opp å gå. Når anlegget er oppe å gå vil eigedomsavdelinga kunne starte arbeidet med å få energieffektivisert drifta av bygget. Ei breibandstilknytning vil i tillegg være til stor hjelp for drifta av barnehagen. Ein vil kunne seie opp ADSL-linja som ein betalar månadsleige for pr. i dag og administrasjonen i barnehagen (styrar/avdelingsleiarar) vil få ein hurtigare og meir stabil datakvardag.

Konklusjon

Selje kommune vel å nytte 85.000,- av budsjetterte reserver/sikkerhetsmarginar i prosjekt 1203, til å skaffe breibandstilknytning til Leikvang barnehage.

Saksgang

Formannskapet gjer vedtak i saka.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune vel å nytte 85.000,- av budsjetterte reserver/sikkerhetsmarginar i prosjekt 1203, til å skaffe breibandstilknytning til Leikvang barnehage.

Kostnadene vil bli redusert med inntil 50 % dersom kommunen får godkjent søknad om omdisponering av tidlegare løyvde midlar.

Handsaming i Formannskapet - 27.08.2014

7 voterande

Melding frå sakshandsamar Merete Nerland, dat. 25.08.14 vart sendt medlemmane og vart lagt fram i møtet:

Saksgang i saka skal vere: Prosjektgruppa gjer vedtak i saka.

Saka vert handsama under referatsaker.

FS-064/14 VEDTAK

Prosjektgruppa gjer vedtak i saka.

Saka vert handsama under referatsaker.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	20.08.2014	027/14
Formannskapet	27.08.2014	065/14
Kommunestyret	24.09.2014	

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Bård Fløde	FE-614	14/466

Framtidig bruk av det gamle kommunehuset

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	I	18.08.2014	Venner av Selja kloster	Rapport - Klosterutstilling kommunehuset sommar 2014

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
14.08.2014	Prospekt april 2014.pdf	58248
14.08.2014	Kloster_og_pilegrimssenter_sluttrapport_illustrert.pdf	58249
19.08.2014	Gamle kommunehuset, utstilling rapport.docx	58364

Sluttrapport frå Interimstyret
Prospekt

Saka gjeld

Det skal gjerast ei avgjerd om framtidig bruk av det gamle kommunehuset.

Opplysningar til saka

Kommunestyret i Selje vedtok i 2011 å sette ned eit interimstyre som skulle gjere forarbeidet for etablering av eit kloster- og pilegrimssenter i Selje.

Interimstyret la i januar 2013 fram sluttrapport for dette arbeidet. Våren 2013 godkjende kommunestyret i Selje sluttrapporten. I same møte ga kommunestyret si tilslutning til ei utviklingsavtale mellom Selje kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Reisemål Stryn og Nordfjord om utvikling av Selja, Selja kloster- og helgeanlegg og tilrettelegging for vekst og utvikling med utgangspunkt i dette store kulturminnet.

Interimstyret tilrår det gamle kommunehuset som lokalisering av eit kloster- og pilegrimssenter. Dette bygget ligg sentralt til i høve hamna, torget og Selja.

Selje kommune har i dag ein strategisk næringsplan som klart syner kva som er prioritert utviklingsområde i kommunen: reiseliv og oppleving. Ei viktig tilrettelegging for slik utvikling, er eit attraktivt kommunesentrum --eit kommunesentrum som gjenspeglar vilje til satsing i tråd med næringsplanen. Då må kultur som næring samt reiseliv og oppleving stå sentralt.

Eit vakkert og attraktivt sentrum kan oppnåast gjennom ein god sentrumsplan. I ei tid der det vert arbeidd med kommuneplan, med arealplan, må dette prioriterast. Eit samanhengande kulturparkområde i sentrum --- frå og med det gamle kommunehuset --gjennom prestegarden -- over i parken som bør opnast mot sjøen--- kan gje Selje sentrum eit ansiktsløft! Dette saman med ei meir gjennomtenkt utvikling av Nabben, kan gje Selje kommune eit svært fint kommunesentrum.

Selje kommune er så heldig å ha eit av landet sine største og mest verdfulle kulturminne: Selja kloster- og helgenanlegg. Sogn og Fjordane fylkeskommune seier at Selja med Selja kloster- og helgenanlegg er eit fyrtårn innan regionalt reiseliv og kultur. Riksantikvaren har ei årrekke lagt ned store ressursar i å bevare dette store kulturminnet for framtida.

Heilt sidan jubileet i 1996 har det i Selje vore arbeidd med tanken på eit nasjonalt klostersediment. Med bakgrunn i det store kulturminnet på øya Selja, ønskjer Selje å samle nasjonal klosterhistorie/ klosterdokumentasjon i Selje. Eit nasjonalt klostersediment skal vidare m.a. vere ein formidlings- og opplevingsstad for både høgskule- og universitetsmiljø -- samt for publikum med interesse for kultur og historie.

I 2010 arrangerte Selje den første kystpilegrimskonferansen i landet. Selje tok tiltaket til Sogn og Fjordane fylkeskommune og Bjørgvin bispedømmeråd, og fekk saman med Hordaland Fylkeskommune arrangert eit møte i Bergen i 2011.

Initiativet var starten på eit kystomfemnande prosjekt frå Rogaland til Trøndelag --- «Kystpilegrimsleia».

Eit forprosjekt er nyleg erstatta av eit hovudprosjekt for utvikling av denne leia.

Selja er både ein sentral stad i denne kystpilegrimsleia -- og eit sjølvstendig pilegrimsmål.

Dette er bakgrunnen for at Selje tek mål av seg å bli eit regionalt kystpilegrimssenter i kystpilegrimsleia Rogaland --Nidaros.

Riksantikvaren ga Selje midlar til eit verdiskapingsprosjekt i kystpilegrimsleia 2013 - 2014: utvikling av pilegrimsturar til Selja både frå sør og nord. Gjennom dette prosjektet og gjennom dei siste åra sitt aukande fokus på Selje og Selja, er stadig fleire auge retta mot dette store kulturminnet og dei andre komparative rikdommane Selje kommune og regionen har å by på.

I juli vart kystpilegrimsleia formelt lansert av riksantikvar Jørn Holme. I talen sin heldt Holme Selja fram som ein av dei sterkast opplevings-stadane i landet. Holme spådde også ei formidabel auke i besøkstalet til Selja. Gjennom det som skjedde 26. juli, styrka både Riksantikvar, fylkeskommunar, kommunar og bispedømmeråd Selja og Selje sin kandidatur som regionalt pilegrimssenter.

Det vert i desse dagar arbeidd med etablering av ein organisasjon for Selja kloster- og pilegrimssenter. Hovudføremålet med ein slik organisasjon er å ivareta ei god og samordna utvikling av både kulturminnet og reiselivet i kommunen. Vi opplever eit stort behov for ei koordinering av alt potensialet vi har i kommunen vår. Både fylkesordførar , Riksantikvaren og andre instansar seier at dei ynskjer å bidra til vekst og utvikling i Selje. Vi får frå mange

hald stadfesting av kva utviklingspotensiale som ligg i både kulturminne og natur. Øya Selja si plassering under Stadhalvøya er ein mektig landskapsmessing verdi vi må utnytte på ein god måte for vekst og utvikling i kommunen. Selja i kystpilegrimsleia ligg i eit "vegkryss" der pilegrimsleia både går mot aust over Strynefjellet -- og vest over havet. Det er alt etablert kontaktar i begge retningar. Det vert arbeidd inn mot RA og aktuelle departement om medfinansiering av drift for aktivitetane knytt til dei store verdiane som ligg i Selje kommune.

Interimstyret for Selja kloster- og pilegrimssenter skriv at eit senter skal romme ei rekkje aktivitetar og tilbod. Sentralt i eit nasjonalt klosterset, er dokumentasjonen av norsk og nordisk klosterhistorie. Dette er altså eit bilbiotek. Eit slikt bibliotek høyrer naturleg til i/inntil eit folkebibliotek. Difor bør kommunen sitt folkebibliotek ligge sentralt i eit kloster- og pilegrimssenter. Ved å flytte folkebiblioteket inn i senteret, kan eksisterande biblioteklokale frigjerast --ja eksisterande bygg kan selgast eller gjerast om til kommunale utleigebustadar.

Det kan også vere naturleg og ressursutnyttande å legge turistinformatjonen i dette bygget.

Det gamle kommunehuset er "friskmeld" i høve oljeforureininga som var der ved utflytting. Bygget ligg på leigd grunn (OVF). Selje kommune har disposisjonsrett til tomta og kan bruke den som om kommunen eigde den sjølv. Kommunen kan også kjøpe den om ønskjeleg. Kommunen har også lov til å regulere/omregulere området (etter vanlige sakshandsamingsreglar) og på den måten vere med å bestemme kva området skal nyttast til (ekspropriasjon for eksempel), uavhengig av kven som eig området.

Interimstyret syner i sluttrapporten med vedlegg til ei rekkje aktivitetar knytt til eit kloster- og pilegrimssenter. Sluttrapporten med vedlegg er tilgjengeleg på kommunen sine heimesider, på portalen Opplev Selje ,under fana Pilegrim:

<https://selje.kommune.no/fil.asp?MIId=281&FilkategoriId=202>

I hovudsak kan desse aktivitetane delast i to grupper: ei for vitskapleg arbeid og ei for oppleving. Den vitskapelege aktiviteten blir knytt til dokumentasjonssamlingar og til arbeid på Selja og andre stadar i kommunen. Interimstyret ser for seg at studentar og andre kan ha mellombelse arbeidsplassar i senteret under slikt arbeid. Kurs- og konferansar i alt etablerte Klosterakademiet, vert også sentralt framover.

Kva gjeld oppleving, kan nemnast Ruins Alive, der målet er å skape virtuelle opplevingar av kloster og klosterliv. Dette skal utviklast gjennom bruk av laserskann-materialet, historisk kunnskap og ny teknologi.

Venner av Selja kloster har i sommar gjennom stor dugnadsinnsats presentert ei rekkje utstillingar i 1. etasje i det gamle kommunehuset. Utstillingane har vore godt besøkte og har fått gode tilbakemeldingar. Denne aktiviteten syner litt av det som kan vere framtidig bruk av huset.

I eit kulturbygg som dette er tenkt bli, kan det også tenkjast å vere muleg for kunstnarar å ha skapande aktivitetar i Selje. Besøkande kunstnarar lovprisar særleg det spesielle lyset vi har. Med erfaring frå andre stadar, veit vi at gjeste-atliér er etterspurt.

I overnemnde arbeid med etablering av organisasjonen Selja kloster- og pilegrimssenter, står Selje kommune sin vilje og interesse sentralt. Å la det gamle kommunehuset vere kommunen sin innsats/ eigenandel i arbeidet for etableringa av kloster- og pilegrimssenteret, vil ha avgjerande betydning for resultatet med fullføringa av dette prosjektet. Gjennom å la dette bygget bli eit kombinert kultur- og næringsbygg, vil det kunne inngå i overnemnde sentrumsplan -- samstundes som det kjem både innbyggjarande og gjestar til gode. Selje

kommune vil i verdiskapingssamanhang få betydeleg meir att for bygget gjennom slik framtidig bruk enn å omsette det på den opne marknaden slik det no står. Det blir dessutan uttrykt vilje til at eit slikt sentrumsbygg skal komme ålmenta tilgode. Vedlikehald og evt. opprusting av huset vil bli den nye organisasjonen sitt ansvar.

Lover/regelverk

Finansiering

Sakshandsamar si vurdering

Konklusjon

Saksgang

Kommunestyret gjer vedtak.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune har gjennom vedtaket om oppstart av arbeidet med etablering av kloster- og pilegrimssenter i Selje, og gjennom seinare vedtak i saka, synt at kommunen har interesse av at ein slik organisasjon skal bli realitet. Selje kommune ser kva verdier ein slik organisasjon kan ha for utvikling og verdiskaping. Tiltaket er i tråd med intensjonane i strategisk næringsplan.

Selje kommune overdreg det gamle kommunehuset til organisasjonen Selja kloster- og pilegrimssenter (interimstyret sitt framlegg til namn – atterhald om endeleg namnevål).

Det gamle kommunehuset vert Selje kommune sin andel i kloster- og pilegrimssenteret.

Huset vert overdrege som det står. Leigeavtalen Selje kommune i dag har med OVF, vert søkt overført til Selja kloster- og pilegrimssenter.

Dato for overdraging av huset vert fastsett når organisasjonen for kloster- og pilegrimssenter er etablert.

.....

Handsaming i Driftsutvalet - 20.08.2014

6 voterande

Orientering:

Saka går vidare til handsaming i Formannskapet før endeleg vedtak i Kommunestyret.

Framlegg frå Driftsutvalet:

Som tilråding frå administrasjonen med fylgjande tillegg:

Det skal også utarbeidast utkast til overdragingsdokument.

Dette dokumentet skal godkjennast av kommunestyret

Røysting:

Framlegg frå Driftsutvalet fekk 6 røyster for. Samrøystes

KU-027/14 FRAMLEGG

Som tilråding frå administrasjonen med fylgjande tillegg:
Det skal også utarbeidast utkast til overdragingsdokument.
Dette dokumentet skal godkjennast av kommunestyret

Handsaming i Formannskapet - 27.08.2014

7 voterande

Fellesframlegg frå Formannskapet:

Selje kommune vedtar å bruke det gamle kommunehuset som et innskudd /investering i en nyopprettet organisasjon med det foreløpige arbeidsnavnet Selja Stadt.
Huset skal romme aktiviteter i forhold til kloster- og pilegrimssenteret, turisme, prosjektorganisasjon mm..

Selje kommune forutsetter at man må komme tilbake til en hensiktsmessig organisering av selskapet / stiftelsen, slik at man på best mulig måte ivaretar Selje kommune sine interesser i fremtiden.

Røysting:

Fellesframlegg frå Formannskapet fekk 7 røyster for.

FS-065/14 FRAMLEGG

Som fellesframlegget frå Formannskapet.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	27.08.2014	066/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Åse Elin Hole	FE-026	13/312

Vegen vidare for prosjektet Interkommunalt samarbeid Eid, Vågsøy og Selje

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
17	I	17.06.2014	Eid kommune	Eid Formannskap sitt framlegg til vedtak - 05.06.2014
16	I	17.06.2014	Vågsøy kommune	Vågsøy Formannskap sitt framlegg til vedtak - 05.06.2014
18	I	24.06.2014	Vågsøy kommune v/rådmann Knut Ove Leite	Vedtak i Vågsøy kommunestyre - Interkommunalt samarbeid i Nordfjord - Forstudierapport
19	I	09.07.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Prosjekt HGQMIX - Interkommunalt samarbeid Eid-Vågsøy-Selje - Avslag på søknad
20	I	11.07.2014	Eid kommune	KS-vedtak 26.06.14 - Interkommunalt samarbeid
21	U	12.08.2014	Rådmann i Eid og Vågsøy	Vegen vidare for prosjektet Interkommunalt samarbeid Eid, Vågsøy og Selje
22	U	22.08.2014	Vågsøy kommune v/ordfører	Interkommunalt samarbeid Nordfjord Selje Vågsøy og Eid

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
12.08.2014	Vegen vidare for prosjektet Interkommunalt samarbeid Eid, Vågsøy og Selje	58200
22.08.2014	Interkommunalt samarbeid Nordfjord Selje Vågsøy og Eid.pdf	58478

Opplysningar til saka

Saksgang

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Handsaming i Formannskapet - 27.08.2014

7 voterande

Referatsak nr.7 og nr. 13 vart heva til handsaming i eiga saka.
Saka kom opp som tilleggssak i same møte og fekk fylgjande handsaming:

Framlegg frå Formannskapet:

Selje kommune avventar svar på brev sendt til Vågsøy kommune frå ordførarane i Selje og Eid.

Saka vert å ta opp etter motteke svar – på formannskapsmøte 10. sept.

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 7 røyster for.

FS-066/14 FRAMLEGG

Selje kommune avventar svar på brev sendt til Vågsøy kommune frå ordførarane i Selje og Eid.

Saka vert å ta opp etter motteke svar – på formannskapsmøte 10. sept.

